



# BACHELOROPPGÅVE

Haldningar til nynorsk blant  
lærarstudentar

Student teacher's attitudes towards  
nynorsk

**Kandidatnummer: 148**  
**Ragnar Emmerhoff Lothe**

GUPEL412 Bacheloroppgåve, vitskapsteori og  
forskingsmetode

Grunnskulelærarutdanning 5-10 klasse

Rettleiar: Per Arne Michelsen

Innleveringsdato: 03.06.19

Ord: 9147

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

# Innholdsliste

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>3</b>
1.1 Val av tema .....	3
1.2 Mitt ståstad.....	3
1.3 Problemstilling .....	4
1.4 Disposisjon av oppgåva.....	5
<b>2 Bakgrunn og teori</b> .....	<b>5</b>
2.0 Innleiing.....	5
2.1 Historisk perspektiv.....	6
2.2 Lovar.....	10
2.3 LK06.....	12
2.4 Motivasjon og læraren som førebilete .....	14
<b>3 Metode</b> .....	<b>14</b>
3.0 Innleiing.....	14
3.1 Bakgrunn for val av metode.....	15
3.2 Val av metode .....	16
3.3 Spørjeskjemaundersøking .....	16
3.3.1 Utvikling av spørjeskjema .....	16
3.3.2 Distribusjon og respons.....	16
<b>4 Presentasjon av spørjeundersøkinga og resultatata av spørjeundersøkinga</b> .....	<b>17</b>
4.0 Innleiing.....	17
4.1 Informantane .....	17
4.2 Haldningar til nynorsk.....	20
4.2.1 Fordelar med to skiftspåk .....	20
4.2.2 Ulemper med to skriftspråk .....	20
<b>5 Drøfting av resultatata av spørjeundersøkinga</b> .....	<b>25</b>
5.0 Innleiing.....	25
5.1 Forskjellar mellom menn og kvinner.....	25
5.2 Forskjellar mellom Vestlandet og Austlandet.....	27
5.3 Haldningar til nynorsk.....	29
<b>Avslutning</b> .....	<b>30</b>
<b>Bibliografi</b> .....	<b>32</b>
<b>Figurar og tabellar</b> .....	<b>34</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>35</b>
Vedlegg 1 .....	35

## Summary

This bachelor thesis has examined the question: *which attitudes do student teachers have towards nynorsk?* This thesis is directed towards student teachers at Western Norway University of Applied Sciences in Bergen. The paper is structured as followed: *introduction, background and theory, method, presentation of questioner with results, and discussion of the results.* I chose to use a questioner, which is a quantitative method, but I tried to bring in some elements of a qualitative method. The questioner was handed out to 52 student teachers. The results showed that there were some negative attitudes towards nynorsk amongst the student teachers that responded. The reason for the negative attitudes was mostly linked to lack of reflection around the fact that they someday are going to be teachers.

## 1 Innleiing

### 1.1 Val av tema

Eg har valt å skrive om lærarstudentar sine haldningar til nynorsk fordi dette er eit tema som engasjerer meg. Dette fordi eg sjølv er ein del av minoriteten i det norske samfunnet som brukar nynorsk til dagleg. Eg er født og oppvaksen i verdas største nynorsk-by, Stord. Nynorsk er ein del av min identitet og eg hadde ikkje følt meg komfortabel med å berre kunne skrive bokmål, eit skriftspråk som er veldig langt i frå mitt daglege talemål. Dagleg må eg argumentere for kvifor me treng nynorsk.

### 1.2 Mitt ståstad

Mine fordommar og føresetningar er bakgrunnen for heile oppgåva og kjem på denne måten til å påverke forskinga. Eg meiner at diskusjonen av to målformer er ein god debatt som har vort aktuell heilt frå midten av 1800-talet då Noreg fekk to målformer. Eg, som nynorskbrukar, har aldri hatt store problem med bokmål som var sidemål mitt i grunnskulen. Dette har nok mykje å gjere med at eg vart eksponert for bokmål allereie frå ein tidleg alder gjennom TV, media og bøker. Som liten brukte eg alltid å tenke på det personlege pronomenet 'jeg' og nektingsadverbialet 'ikke' for å legge om til bokmål. Argument som vort brukt mot at me skal ha to målformer går ofte på at det er så få som brukar nynorsk at det ikkje er vits å bruke tid og pengar på det. Det er vanskelig for elevar og skapar meir jobb for lærar. Det er når slike argument kjem frå lærarstudentar eg rynker litt på nasen. Burde ikkje ein lærar gjere det

forståelig for elever? Legge ned litt innsats for å sjølv forstå det, og har ikkje velferdsstaten Noreg råd til to målformer for å halde på tradisjonar og mangfaldet?

### 1.3 Problemstilling

I denne oppgåva skal eg undersøkje problemstillinga:

- Kva haldningar har lærarstudentar ved HVL Bergen til nynorsk

For å undersøke denne problemstillinga nyttar eg meg av ei spørjeundersøking. Dette spørjeskjemaet skal eg gå gjennom seinare i oppgåva. Undersøkinga kan kategoriserast som både kvantitativ og kvalitativ, som eg vil argumentere for seinare i oppgåva.

Det er vanskelig å definere kva haldningar er, men ein definisjon som er brukt og akseptert blant mange er den til Alice Eagly og Shelly Chaiken: «attitude is a psychological tendency that is expressed by evaluating a particular entity with some degree of favor or disfavor» (Albarracin, Johnson, & Zanna, 2014). Det er så og seie den same definisjonen som Store Norske Leksikon også brukar: «Holdning er i sosialpsykologien en betegnelse for en tendens til å tenke, føle og handle positivt eller negativt overfor noe, som bestemte objekter, mennesker, ideer, verdier, med mer.» (Svartdal, 2018). Med denne definisjonen ser me at haldningar femner om tre komponentar: tanke, kjensle, handling eller kva stilling du tar til noko. Sett i lys av nynorsk så vil det seie: Kva tenkjer du om nynorsk? Kva føler du om nynorsk? Korleis ter du deg når du taler om nynorsk, diskuterer nynorsk, bruker nynorsk og underviser i nynorsk? Eg vil undersøke om lærarstudentar har positive eller negative haldningar til nynorsk. Sidan det er haldningar til nynorsk eg skal undersøke, så gir eg og ein definisjon på kva *språkhaldningar* vil seie: «Med språkhaldningar kan ein fyrst og fremst tenkje på haldningar til heile varietetar eller språkarter, så som nasjonalspråk, dialektar eller sosiolektar. Dei kan også gjelde skriftmål og stillag eller visse versjonar av skriftspråk.» (Venås, 1982). Dei fleste språkhaldningane har sosialt og ikkje språkleg grunnlag, noko som vil seie at dei vert tileigna gjennom sosiale prosessar (Venås, 1982).

Grunnen til at eg vel å fokusere på nynorsk er fordi det er nynorsken som er på ein nedgåande kurve i språkdebatten. Eg har vurdert å bruke ordet *sidemål* men har gått vekk i frå dette ettersom at det er i skulen me snakkar om hovudmål og sidemål. I lærarutdanninga, som er her

eg skal gjennomføre undersøkinga, heiter det nynorsk og bokmål. Det indikerer at bokmål og nynorsk er sidestilt. Lærarstudenten har ikkje lenger eit «førstespråk» og «andrespråk».

Med *lærarstudent* meiner eg ein student som utdannar seg til å verte grunnskulelærer, i dette tilfellet ved Høgskulen på Vestlandet avdeling Bergen, heretter forkorta til HVL avdeling Bergen. Dette omhandlar både dei som skal undervise i 1.-7.-klasse og dei som skal undervise i 5.-10.-klasse.

## 1.4 Disposisjon av oppgåva

Oppgåva består av fem kapittel: Innleiing, Bakgrunn og teori, Metode, Presentasjon av spørjeundersøkinga og resultata av spørjeundersøkinga, og Drøfting av resultata av spørjeundersøkinga.

Oppgåva startar med bakgrunnen for val av tema og kva eg skal presentere i denne oppgåva. Vidare kjem eg inn på teoridelen i oppgåva, denne delen tek for seg eit historisk perspektiv og teori som skal verte anvendt seinare i oppgåva. Deretter kjem eg inn på metoden som vert brukt i undersøkinga og grunngjeving for kvifor eg brukar denne metoden. Så kjem eg inn på spørjeundersøkinga. Her presenterer eg spørsmåla eg har brukt og viser resultata som eg skal bruke i den siste delen av oppgåva. Den siste delen av oppgåva er drøfting av resultat.

## 2 Bakgrunn og teori

### 2.0 Innleiing

I dette kapitlet skal eg sjå på bakgrunnen for at me har to skriftspråk og på lover som opprettheld det i dag. Eg skal her gå gjennom det historiske med to skriftspråk, kva lovverk som fortel noko om dei to skriftspråka, her med spesielt fokus på skulen og til slutt skal eg sjå på korleis det vert opprettheldt i Kunnskapsløftet, heretter referert som LK06. Eg har og valt å ta med teori som eg skal anvende vidare i oppgåva i dette kapitlet. I denne delen kjem eg til å definere og drøfte ulike omgrep som er sentrale for oppgåva mi. Omgrepa er *motivasjon* og *læraren som førebilete*.

## 2.1 Historisk perspektiv

Her skal eg ta for meg den norske skriftmålshistoria frå 1814 til i dag. Eg kjem til å ta for meg det mest sentrale, og det som er relevant for debatten i dag og mi problemstilling. Eg har valt å bruke boka *Vårt eget språk* som er gitt ut av Egil Børre Johnsen med fleire i 2002.

Behovet for eit norsk skriftspråk dukka opp i 1814 då Noreg fekk si eiga grunnlov og gjekk ut av unionen med Danmark. Noreg skulle byggje sin eigen nasjon, men dette vart sett på som ei vanskeleg oppgåve så lenge skriftspråket framleis var dansk. Det var fleire idear oppe til vurdering og dei to hovudideane som fekk gjennomslag var å fornorske det danske språket og å konstruere eit heilt nytt skriftspråk bygd på dei norske dialektane.

I 1832 kom P.A. Munch opp med ideen om å byggje det norske skriftspråket. Hans filosofi var å bygge språket på «en af vores reneste Almuedialekter» (Sørensen, 2002). Dette bygde Ivar Aasen vidare på i 1840-åra då han reiste rundt i landet og studerte dialektar. Han ønska, i motesetning til Munch, å bygge det nye norske skriftspråket på fleire norske dialektar, men han unngjekk dei som var for mykje påverka av dansk. I 1848 gav han ut *Det norske folkesprogs Grammatik og Ordbog over det norske Folkesprog* i 1850 (Sørensen, 2002, s. 67). Med dette hadde han skapt «Landsmaal», seinare kalla nynorsk.

Motparten til P.A. Munch var diktaren Henrik Wergeland. Han var ein av forkjemparane for å gradvis fornorske det danske språket. Wergeland sette ikkje i gong nokon systematisk prosess for å fornorske språket. Det han gjorde var å bruke norske ord i det danske språket og byta blant anna ut b, d og g med p, t og k. Det var først i 1850-åra at Knud Knudsen starta eit strategisk arbeid med å fornorske det danske skriftspråket. Dette prosjektet fekk stor oppslutning i det kulturelle miljøet ved at blant anna Bjørnstjerne Bjørnson og Henrik Ibsen begynte å bruke det (Sørensen, 2002, s. 69). Nesten parallelt med Aasen gav Knudsen ut bøkene *Om Lydene, Lydtegnene og Retskrivningen i det norske Sprog* i 1845 og *Om Norskhed i vor Tale og Skrift* i 1850.

Den største diskusjonen mellom desse to skriftspråka var at Aasen meinte at eit dansk skriftspråk aldri kunne bli norsk, medan Knudsen meinte at talemålet som vart nytta av dei danna skulle vera det norske skriftspråket. Dei vart delt i to leirar, ein danskdominert elitekultur og ein rein norsk bondekultur (Sørensen, 2002, s. 70). Det nasjonalistiske ved Aasen sitt Landsmål gjorde at det vaks fram blant ei rekke mindre miljø og organisasjonar på slutten av

1800-talet. Fleire av desse organisasjonane samla seg til slutt til det politiske partiet Venstre og då Venstre kom til makta i 1884 bana dette veg for Jamstillingsvedtaket. 12. mai 1885 vedtok Stortinget med 78 mot 31 stemmer at landsmål skulle sidestilla med det danske skriftspråket i Noreg.

Det kom store reaksjonar på framveksten av landsmålet, og ein av motstandarane var Bjørnstjerne Bjørnson. Han hadde oppfatninga at all denne jobben med å skape eit heilt nytt norsk skriftspråk ville distansere Noreg frå resten av Norden. Dette ville stoppe den kulturelle utviklinga. I 1899 sa han: «Hvad er norsk?» (Sørensen, 2002, s. 74), med dette meinte han at det norske skriftspråket burde utviklast ut ifrå korleis norsk blei anvendt i 1899. I motsetnad til Aasen som hadde sett på dialektane og gammalnorsk då han skapte landsmål. Bjørnson ville sjå på alt det kulturelle som påverka oss: «Ja, det er, hvad som passer os, det være fra Frankrike eller fra Hardanger.» (Sørensen, 2002, s. 74). Det var i 1899 av Bjørnson først tok i bruk termen *riksmål* som betydde «rikets språk», sjølv om det danskprega skriftspråket allereie var i bruk.

Dette er ein liten historisk oversikt over starten på språkdebatten som starta på 1800-talet og som enda er aktuell i 2019. Vidare i debatten skal eg sjå på ulike reformer og samnorskforsøket.

I 1907 går Noreg ut av ein «språkleg union» med Danmark ved at riksmål vert etablert som ein eigen skriftsnormal som bryt med dansk. Tilhengjarane av dansk hadde no offisielt tapt og Noreg hadde fått to norske skriftspråk, riksmål og landsmål. I 1907 vert også sidemålsstilen innført (Torp, 2002, s. 76).

I 1917 kom den første reforma som gjeldt både landsmål og riksmål. Denne reforma skulle føre dei to skriftspråka nærare kvarandre. Det vart i hovudsak gjort ved at riksmål gav opp mange av dei tradisjonelle danske skrivemåtane og erstatta dei med skrivemåten dei nytta i landsmålet. Dette var endringar som vart obligatoriske, medan nokre endringar vart valfrie. Eit par eksempel på obligatoriske endringar i begge målformene var at aa > å, i riksmål vart æ > e i fleire ord og blant dei valfrie endringane var bestemt form eintal av hokjønnsord: *solen*(riksmål) og *soli*(landsmål) kunne skrivast som *sola* i begge målformene (Torp, 2002, s. 78). Dette vert sett på som starten av samnorskforsøket som hadde som mål å skape *eit* norsk skriftspråk. Tendensane ved reforma var at dei obligatoriske skrivemålsendringane vart godtatt, ettersom at desse ikkje endra uttalen. Det at å no vert skriven med eit grafem i staden for to var ikkje noko problem, men dei valfrie endringane fekk mindre gjennomslag, spesielt blant riksmålsbrukarar

der somme av dei valfrie formene vart sett på som mindreverdige (Torp, 2002, s. 78). Problemet med dette var at det var dei valfrie formene som skulle legge grunnlaget for eit felles skriftspråk.

Som ein reaksjon på reformvedtaket i 1917 vaks landsmålet som skulespråk. Frå 1915 til 1920 vaks talet frå ca. 1500 skulekrinsar til 2000. På same tid vart det ca. 4000 skulekrinsar med riksmål (Torp, 2002, s. 78). Eit par av desse riksmålskrinsane prøvde seg på den valfrie riksmålsvarianten, men desse endra tilbake til den obligatoriske etter eit par år. Reforma som skulle føre dei to skriftspråka nærare kvarandre førte eigentleg til at fornorskinga av riksmålet stoppa opp. I 1929 endra riksmål og landsmål namn til bokmål og nynorsk.

I 1938 vart det igjen gjort eit forsøk på å føre dei to skriftspråka saman. Med dei store reaksjonane og det fråverande gjennomslaget av valfrie former i bakhovudet innførte Stortinget ein meir gradert valfridom: *klammeformer* og *hovudformer* (Torp, 2002, s. 80). Hovudformer vart også kalla lærebokformer, ettersom desse var dei einaste formane som var tillatne i lærebøker. Fleire av dei valfrie formane i 1917 reforma vart på denne måte gjort nærast obligatoriske. Dette skapte igjen store reaksjonar og gjorde at heile samnorskforsøket stoppa opp.

I 1941 kom det inn ei kortvarig reform som vart kalla *Quisling-rettskrivinga* og denne var obligatorisk fram til 1945. Dette hang saman med 2. verdskrig og Nazi-Tyskland sin invasjon av Noreg. Dei var ikkje nøgd med 1938 reforma, men var heller meir einige med 1917 reforma. Denne reforma vart avskaffa i 1945, og hadde ingen stor innverknad på skriftspråkutviklinga (Torp, 2002, s. 82).

Krigen vart derimot eit vendepunkt for eit av skriftspråka. Fram til 1944 hadde nynorsk hatt ein framgang som hovudmål i den norske skulen og hadde dette året 34,1% oppslutning blant norske skuleelevar. I 1964 hadde denne andelen falt til 20,5%, og på 70-talet var den nede i 17% (Torp, 2002, s. 82). Det kan vera fleire grunnar til denne nedgangen. Ein grunn kan vera sentralisering av skulane, færre bygdeskular, og som tidlegare nemnt var bokmål den leiande målforma i byane. Ein annan teori er at nynorsken til Aasen som vart sett på som det norske før krigen ikkje lenger hadde einerett på å vera norsk. For eksempel vart den illegale pressa, eit nasjonalistisk symbol, skriven på bokmål. Det vart på denne måte skapa eit nytt bilete av det å vera ein *god nordmann*. Det var ikkje lenger kva målform du skreiv som gjorde deg til ein god



nordmann, du var ikkje ein landsvikar sjølv om du skreiv på eit fornorska dansk (Torp, 2002, s. 83).

Sjølv om samnorskforsøket i det heile hadde stoppa opp, så stoppa ikkje dette Stortinget å fortsette å prøve. Dette gjorde dei ved at dei i 1939 valde å bruke dei valformene som var felles i bokmål og nynorsk i lærebøkene i skulen. Dette skapte store reaksjonar blant bokmålsbrukarane og då spesielt foreldre frå Oslo vest og Bærum som starta *Foreldreaksjon mot samnorsk* omkring 1950. Dei klarte å samla inn nesten ein halv million underskrifter som førte til at Oslo skulestyre 1954 fjerna tilnæringsformane i skulebøkene (Torp, 2002, s. 84). Dette førte til at den «nye læreboknormalen» kom i 1959, som vidare førte til at nynorsk tok eit steg nærare samnorsk, medan bokmål nærmast tok eit steg vekk (Torp, 2002, s. 84).

Fram til 1970-talet hadde nynorsk som sagt mista framgangen og var på vei ned. Det nasjonale argumentet for å erstatte dansk med eit eige skriftspråk fall bort med 2. verdskrig og bokmål var på vei fram. Men på 1970-talet vaks interessa for dialektar og med den folkelege kulturtradisjonen hadde nynorsken igjen fått eit slagkraftig argument. Nedgangen av nynorskbrukarar stagnerte (Torp, 2002, s. 85).

I 1981 kom liberaliseringsvedtaket, som var det første vedtaket sidan 1907 som berre gjaldt for bokmål. Dette vedtaket gjekk ut på at elevar som skreiv dei tradisjonelle riksmålsformene som vart forbodne i 1938 ikkje lenger kunne verte retta på. Det vart også ei liberalisering av nynorsken i 1980-åra. Dette vert sett på den endelige enden av samnorskforsøket. (Torp, 2002, s. 87)

No når samnorskforsøket er lagt heilt på is er det i dag konsensus om at Noreg har to skriftspråk. I Stortingsmelding nr. 13 1997-1998: *Målbruk i offentleg teneste* står det følgande: «Den tilnæringslinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkreformar, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon.» (Kulturdepartementet, 1997-98)

I ein rapport frå Statistisk sentralbyrå kan me lese at 12% av grunnskulelevane har nynorsk som hovudmål. Dette svarer til rundt 76 000 elevar. Ni av ti nynorskelevar finn me i dei fire vestlandsfylka (SSB, 2018, s. 11).

## 2.2 Lovar

I dette delkapittelet går eg gjennom sentrale lovar som omhandlar målformer i grunnskulen og statlige organ. Deretter kjem eg inn på lovar som gjeld for lærarutdanninga.

Den første paragrafen eg vel å ta med er henta frå Opplæringslova (1998, § 2-5). Denne lova omhandlar grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

### *§ 2-5.Målformer i grunnskolen*

*Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.*

*Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring.*

Denne lova seier at det er kommunen som vel kva kvar enkelt skule har som hovudmål. Det vil ikkje seie at alle skular i ein kommune har same hovudmål. Unntak i denne paragrafen er at dersom minst ti elevar i ei elevgruppe ynskjer eit anna hovudmål enn det som er fastsett av kommunen har dei rett på dette, jamfør § 2-5 fjerde ledd. Eit anna unntak i denne paragrafen er at dersom ein elev vert overført frå ein annan skule som har eit anna hovudmål enn det denne eleven hadde i trinn 1-4, har denne eleven rett på opplæring i sitt hovudmål.

Ledd seks i § 2-5 seier og at eleven skal ha opplæring i begge målformene i dei to siste åra av grunnskulen, altså 9. og 10. trinn.

Den neste lova eg har tatt med er Mållova. Denne lova omhandlar bruken av begge målformene i statlige, fylkeskommunale og kommunale organ. Denne fortel oss at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer, som me veit allereie frå 1885. Dette vert opprettheldt av mållova (1980, § 1).

*§ 1.Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Når privat rettssubjekt gjer vedtak eller gjev føresegn på vegner av stat, fylkeskommune eller kommune, skal det i denne samanhengen reknast for slikt organ.*

Den siste lova eg vel å ta med i denne oppgåva er den lova som går direkte på lærarstudentane, undersøkingsobjektet i denne oppgåva. Denne lova heiter Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10 (2016) og her har eg valt å ta med to paragrafar. Denne lova omhandlar GLU5-10, men er tilnærma lik for GLU1-7.

Den første paragrafen eg har med er §2 som omhandlar kva som krevst av lærarstudenten. Under generell kompetanse står det følgande:

## § 2.Læringsutbytte

### *Generell kompetanse*

*behersker norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng*

Den same paragrafen finn du i rammeplanen for grunnskulelærerutdanninga får 1-7. Det står ingenting om at det berre er dei som skal undervise i norsk som har desse krava.

Vidare kjem § 4 som forklarar kva utdanningsinstitusjonen, som i dette tilfellet er HVL, må gjere for å oppretthalde desse krava.

## § 4.Programplan og nasjonale retningslinjer

*(3) Programplanen skal beskrive hvordan institusjonens utdanningsprogram legger til rette for en progresjon i profesjonsretting, praksisstudium, vitenskapsteori og metode, oppbygging av studentenes FoU-kompetanse og utvikling av deres kommunikasjonsferdigheter – muntlige og skriftlige (bokmål og nynorsk).*

Ved HVL vert dette gjort ved hjelp av ein skriftleg obligatorisk prøve for dei som ikkje har valt undervisningsfaget norsk. Denne må vere greidd for å få godkjend vitnemål (Høgskulen på Vestlandet, 2019). Fritak kan gis til studentar som ikkje har vurdering i begge målformene for vidaregåande. Henta frå §6 i Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5-10(2016).

## § 6.Fritaksbestemmelser

(2) For studenter som ikke velger norsk som ett av sine fag, kan det gis fritak for vurdering i en av målformene i norsk for studenter som ikke har vurdering i begge norske målformer fra videregående opplæring. Tilsvarende fritak gjelder også for utenlandske studenter som ikke har videregående opplæring fra Norge. For studenter som har norsk i fagkretsen, er det ingen fritaksbestemmelser fra målformene.

### 2.3 LK06

I dette delkapittelet skal eg ta for meg LK06, med fokus på læreplanen i norsk og finne kompetansemål som er relevante i diskusjonen om målformer. Eg kjem til å ta for meg grunnleggjande ferdigheitar og kompetansemål etter 2., 4., 7. og 10. klasse.

I læreplanen for norsk under grunnleggjande ferdigheiter står det følgande:

*Utviklingen av skriftlige ferdigheter i norskfaget forutsetter systematisk arbeid med formelle skriveferdigheter, tekstkunnskap og ulike skrivestrategier. Det innebærer å kunne uttrykke seg med stadig større språklig sikkerhet på både hovedmål og sidemål. (Utdanningsdirektoratet , 2006, s. 4)*

Det første kompetansemålet eg finn gjeld allereie for etter 2. trinn. Dette vil seie 1. og 2. trinn i grunnskulen. I dette kompetansemålet er det samtale om omgrepa nynorsk og bokmål, og ikkje å bruke målformene:

*Samtale om begrepene dialekt, bokmål og nynorsk (Utdanningsdirektoratet , 2006, s. 6)*

Det neste kompetansemålet kjem etter 4. trinn. Her handlar det om å lese og å ha samtalar om det ein har lese på både bokmål og nynorsk:

*Samtale om sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr fra fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre språk (Utdanningsdirektoratet , 2006, s. 7)*

Dei neste kompetansemåla kjem etter 7. trinn. Her begynner bruken av begge målformene å gjera seg gjeldande i både skriftlig og munnleg kommunikasjon. I denne delen vert bruken av begge målformane nemnt fire gongar.

*lese et bredt utvalg norske og oversatte tekster i ulike sjangere på bokmål og nynorsk, og reflektere over innhold og form i teksten*

*eksperimentere med skriving av enkle tekster på sidemål*

*sammenligne språk og språkbruk i tekster på bokmål og nynorsk*

*sammenligne talemål i eget miljø med noen andre talemålsvarianter og med de skriftlige målformene bokmål og nynorsk (Utdanningsdirektoratet , 2006, s. 8)*

Dei siste kompetansemåla kjem etter 10. trinn. Her er det fem læreplansmål som går på begge målformene, og no skal elevane bruke begge skriftmåla på lik linje. Her vert det og nemnt at elevane skal diskutere haldningane til bokmål og nynorsk.

*lese og analysere et bredt utvalg tekster i ulike sjangere og medier på bokmål og nynorsk og formidle mulige tolkninger*

*skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med*

*gjøre rede for noen kjennetegn ved hovedgrupper av talemål i Norge, og diskutere holdninger til ulike talemål og til de skriftlige målformene nynorsk og bokmål*

*bruke grammatiske begreper til å sammenligne nynorsk og bokmål*

*forklare bakgrunnen for at det er to likestilte norske målformer, og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag (Utdanningsdirektoratet , 2006, s. 9).*

Med dette kan me sjå at målformene nynorsk og bokmål vert nemnt i alle dei aktuelle årstrinna, sjølv om det i følge lovverket ikkje er eit krav om opplæring i begge målformene før i 9. og 10. trinn.

## 2.4 Motivasjon og læraren som førebilete

Motivasjon er viktig for alt som skal gjerast. I omgrepet motivasjon ligg både årsaken til at du gjer noko og målet med at du gjer noko (Grimsæth & Hallås, 2013). Om du ser dette i lys av motivasjonen elevvar har til å lære noko vil det altså seie at dei treng grunngeving for å lære, kvifor lærer eleven dette og kva skal eleven bruke det til. Ein faktor som er viktig for motivasjonen er mestringsfølging og positiv innstilling. «Dette er gøy!» er ei innstilling som kan ha sterk påverknad på den indre motivasjonen. Det er lettare å lære det ein har interesse for.

Det er fleire undersøkingar som viser at det er ein samanheng mellom eleven sin relasjon til læraren og eleven sin motivasjon og arbeidsinnsats (Drugli & Nordahl, 2013, s. 86). Dette betyr at ein lærar som har gode relasjonar til sine elevvar har det lettare for å nå gjennom til sine elevvar. På denne måten kvilar det og eit enormt ansvar hos læraren, nemlig fordi han vert sett på som eit førebilete for elevane. Det er difor viktig at læraren er medviten på sine haldningar. Som nemnt tidligare i oppgåva omhandlar haldningar korleis ein tenkjer, føler og handlar ovanfor eit tema. Haldningane du har aukar sannsynet for at du handlar på ein bestemt måte (Bergem, 2015). Det vil seie at om ein lærar har negative haldningar til nynorsk, vil dette komme fram i korleis han snakkar eller handlar i nynorskundervisninga.

Så for å sjå på desse to i ein samanheng, så treng ein elev grunngeving for kvifor han skal utføre ei oppgåve og han treng mestringskjensle og ei positiv innstilling. Mestringskjensle og ei positiv innstilling kan oppnåast ved hjelp av gode relasjonar og grunngeving kan læraren gi ved å vera reflektert over sitt arbeid som lærar. Læraren må vera medviten på sine haldningar for at det skal vera samsvar mellom korleis han snakkar og handlar ovanfor eit emne. Nynorsk som ofte vert sett på som vanskelig og lite motiverande for enkelte elevvar, er emne der læraren bør vera spesielt medviten på sine haldningar.

## 3 Metode

### 3.0 Innleiing

I dette kapittelet skal eg gå gjennom bakgrunnen for valet mitt av metode. Her går eg gjennom kvantitativ og kvalitativ metode. Vidare går eg inn på kva metode eg vel å bruke og kvifor eg vel å bruke denne metoden. Til slutt presenterer eg metoden min.

### 3.1 Bakgrunn for val av metode

I val av metode har eg brukt boka *Forskningsmetode for lærerutdanningene* av Line Christoffersen og Asbjørn Johannessen. Sidan dette er det første forskingsprosjektet eg har gjennomført ser eg det hensiktsmessig å bruke ei bok som gir ein grunnleggande innføring i forskingsmetodar.

Denne oppgåva skal vera eit studie av samfunnet, meir spesifikt HVL avdeling Bergen. For å gjennomføre eit slikt studie, må ein bruke samfunnsvitskapelege forskingsmetodar. Samfunnsvitskapleg metode handlar om korleis ein skal gå fram for å få informasjon om den sosiale røynda og kva dette fortel oss om samfunnsmessige forhold og prosessar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 16).

Det er to hovudkategoriar innan for samfunnsvitskapleg metode: kvantitativ og kvalitativ metode.

Kvantitativ metode vert sett på som lite fleksibel. Dette fordi at den mest brukte kvantitative metoden er ein spørjeundersøking. Denne vil som oftast ha fastsette spørsmål og svar i ein bestemt rekkefølge. Ei ulempe med dette er at svara vert generelle og det er vanskelig å få fram kva deltakaren eigentleg meiner. Ein fordel med spørjeundersøking er at det mogleg å samanlikne svara på tvers av respondentane. På bakgrunn av at det er så vanskelig å få gode svar i ei kvantitativ spørjeundersøking er det viktig å bruke mykje tid på førebuing i ei slik undersøking. Spørsmåla må gi svar på det du ynskjer å få svar på. Som det ligg i ordet, kvantitativ metode, er dette ein metode som nyttast om det er mange deltakarar. Det er vanskelig å fastslå kva som er mange deltakarar, dette kjem an på kor mange som gir eit representativt utval. For eksempel vil det ikkje vera hensiktsmessig å gjennomføre ei undersøking blant 50 personar om du ynskjer deg eit bilete av heile Noreg si befolkning, men eit utval av 50 personar vil kanskje gi deg eit bilete av lærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet.

Den andre metoden er den kvalitative metoden. Dei vanlegaste kategoriane innanfor kvalitativ metode er observasjon, intervju og analyse av dokument. Denne metoden er meir fleksibel enn den kvantitative metoden, dette fordi den tillater større grad av tilpassing i interaksjonen mellom forskar og deltakar. Det er meir opne spørsmål og deltakarane har moglegheita til å svare meir utfyllande og med eigne ord, svara er ikkje gitte på førehand slik som i dei fleste spørjeundersøkingar. I kvalitativ metode er det ofte 5-10 deltakar som vert undersøkt.

## 3.2 Val av metode

Det eg ynskjer å undersøke er haldningar blant lærarstudentar ved HVL avdeling Bergen. Populasjonen i denne undersøkinga vert med dette lærarstudentar ved HVL avdeling Bergen. Denne undersøkinga kunne vert mogleg å gjennomføre blant nærare 3000 lærarstudentar, men det er vanskelig for meg som student å gjennomføre ei undersøking blant alle desse lærarstudentane. Eg ser det heller ikkje som hensiktsmessig å undersøke alle, så eg vel difor å gjennomføre undersøkinga blant eit utval av populasjonen. Eg ynskjer å gjennomføre ei undersøking med om lag 50 respondentar.

Ettersom at dette er ei undersøking med 50 respondentar vert dette sett på som ei kvantitativ undersøking. Eg vel å bruke ei spørjeskjemaundersøking, men eg ynskjer å ta i bruk element frå kvalitativ metode. Eg ynskjer å undersøke blant flest mogleg og ha like spørsmål til alle deltakarane, men eg ynskjer ikkje at alle spørsmåla skal vera graderte eller med faste svar. Difor vil eg bruke kommentarfelt på fleire av spørsmåla, så respondentane ikkje føler seg låst til eit svar, men kan svare opent og detaljert. Innhaldet i undersøkinga skal vera relevant og kjend for respondentane.

## 3.3 Spørjeskjemaundersøking

### 3.3.1 Utvikling av spørjeskjema

Eg har valt å gjennomføre ei anonym online spørjeundersøking. Ulempene med å bruke ei anonym spørjeundersøking er at det ikkje er mogleg å purre på respondentane og det er ikkje mogleg å veta om nokon har svara fleire gongar. Eg har valt å bruke eit spørjeskjema frå SurveyXact som blant anna vert brukt av Politiet og NAV. Eg fekk tilgang til dette programmet via min Feide-konto som alle studentar ved HVL har.

### 3.3.2 Distribusjon og respons

Distribusjonen av spørjeskjemaet vart gjort i fire Facebookgrupper som bestod av lærarstudentar ved HVL avdeling Bergen. Undersøkinga var open i 16 dagar frå 10.04.2019 til 26.04.2019. Eg fekk inn til saman 52 svar.




## 4 Presentasjon av spørjeundersøkinga og resultata av spørjeundersøkinga

### 4.0 Innleiing

I dette kapittelet skal eg presentere svara i spørjeundersøkinga. Eg har her tatt med alle spørsmåla frå spørjeundersøkinga. I den første delen vil eg vise nokre trekk ved dei 52 informantane i utvalet. Dette for å gi eit bilete av kven det er eg undersøker. Eg vel å bruke tabellar når eg viser resultata. Spørsmåla som er brukt i undersøkinga kjem fram i figurane. Vidare skal eg sjå på resultata frå spørsmåla som har kommentarfelt.


### 4.1 Informantane

Figur 1: *Spørsmål 1: Kjønn*




Den største andelen i spørjeundersøkinga er kvinner, med ei fordeling på 71% kvinner og 29% menn. Sjølv om det er ei stor overvekt av kvinner er det representativt i følge fordelinga av kvinner og menn som er lærar i grunnskulen. Denne fordelinga ligg på ca. 75% kvinner og 25% menn (Bufdir, 2019).

Figur 2: Spørsmål 2: Eg kjem frå




Den største andelen av respondentane kjem frå Hordaland med heile 43%, og 79% kjem frå vestlandsfylka Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Berre 18% av respondentane kjem frå fylker som vert rekna som austlandet, i dette tilfellet er desse fylka Oslo, Østfold, Akershus og Oppland. Dette er som forventa ettersom at undersøkinga er gjennomført ved HVL avdeling Bergen som har Vestlandet som sitt hovudområde. Det er og ein respondent frå Vest-Agder og ein frå Trøndelag. I denne tabellen har eg valt å utelate fylka som ikkje hadde nokon respondentar.

Figur 3: Spørsmål 3: Har du norsk som eit av dine undervisningsfag?




Andelen av respondentar som har norsk som eit av sine undervisningsfag er på heile 87%, det vil seie at dei fleste i undersøkinga får eit nært forhold til læreplanen i norsk som er omtalt tidligare i oppgåva. Det er berre 13% som ikkje skal undervise i norsk, desse er difor ikkje styrt av læreplanen i norsk, men dei må kunne bruke nynorsk og bokmål på ein kvalifisert måte i si undervisning, som kom fram av *generell kompetanse* for lærarstudentar.

Figur 4: Spørsmål 4: I grunnskulen var sidemålet mitt



Andelen av nynorsk som sidemål er klart størst blant respondentane med 62%, det er likevel ein relativt stor del av respondentane som hadde bokmål som sidemålet sitt i grunnskulen. Dette heng nok saman med Figur 2 der me kunne sjå at 79% av respondentane kom frå Vestlandet. Vestlandet er området med flest nynorskbrukarar.

Figur 5: Spørsmål 5: Om eg kan velje, skriv eg




Andelen av respondentar som alltid skriv bokmål er størst med 65% i denne figuren, til samanlikning er denne andelen nesten like stor som den andelen av respondentar som hadde nynorsk som sidemål i grunnskulen. Det er berre 6% som alltid skriv nynorsk, men 8% skriv oftast nynorsk og 19% skriv nynorsk av og til. Det vil seie at 33% brukar nynorsk av fri vilje i ulik grad. Denne andelen er og tilnærma lik andelen som hadde bokmål som sidemål i grunnskulen. Dei siste 2% er ein kommentar som ikkje er av relevans til spørsmålet.

Om eg skal lage eit bilete av den typiske respondenten i denne undersøkinga ville det vert ei kvinne frå Vestlandet som har norsk som undervisningsfag, som hadde nynorsk som sidemål i grunnskulen, og som vel å alltid skrive bokmål i dag. Dette er ut ifrå å lese tendensane i spørjeundersøkinga.

## 4.2 Haldningar til nynorsk

### 4.2.1 Fordelar med to skiftspåk

Figur 6: Spørsmål 6: Kva er fordelane med at me har to skriftspråk?



I denne figuren har eg kategorisert svara frå spørsmål 6 i undersøkinga og satt dei inn i ein enkel tabell ved hjelp av Excel. Den er oppgitt i tal på responsar i dei ulike kategoriane.

I dette spørsmålet var det ingen prestrukturerte svar, men eit kommentarfelt der respondentane fekk svare det dei sjølv ønska. For å få ein liten oversikt over kva respondentane svara har eg valt å dele argumenta inn i seks kategoriar: *historisk og kulturelt*, *valfridom*, *språkforståing*, *vert sterkare i begge*, *nærleik til talemål* og *ingen fordelar/usikker*. Det kom for det meste korte og enkle svar, og det var eit fåtal av respondentane som kom med fleire enn eit argument.

### 4.2.2 Ulemper med to skriftspråk

Spørsmål 7: Kva er ulempene med at me har to skriftspråk?

Dette spørsmålet var vanskelig å tolke, men eg har delt svara inn i seks kategoriar her og: *lese og skrivevanskar*, *unødvendig*, *forvirring*, *store kostnadar*, *norsk som andrespråk* og *karaktarar*. Dette var det som gjekk mest igjen, og det var unødvendig og forvirring som gjekk klart mest igjen. Dette er og dei svara som var vanskeligast å definere. Svara på dette spørsmålet vert gitt som vedlegg 1.

Kort om kva eg legg i dei ulike kategoriane:

*Lese og skrivevanskar:* I denne kategorien har eg plassert svar som eksplisitt nemnar lese og skrivevanskar, eller svar som eg tolkar til at omhandlar dette. Dersom respondenten brukar uttrykk som «svake» *elev*ar eller *elev*ar som *slit i norskfaget* har eg valt å plassere dei i denne kategorien.

*Norsk som andrespråk:* Her har eg plassert svar som eksplisitt nemnar at to skriftspråk er ei utfordring for *elev*ar med norsk som andrespråk.


*Store kostnader:* I denne kategorien har eg plassert svar som nemner at to skriftspråk er dyrt for skulen eller offentlig sektor.

*Karakterar:* I denne kategorien har eg plassert svar som eksplisitt nemnar karakterar eller som nemnar uttrykk som vurdering. Desse svara går anten på at det er unødvendig med så mange karakterar i norsk, eller at det er unødvendig å få karakter i sidemålet.

*Forvirring:* I denne kategorien har eg plassert svar som uttrykker at to skriftspråk kan skape språkleg forvirring mellom dei to målformene, anten ved at *elev*ane blandar når dei skriv eller ved at det er vanskelig å forstå tekstar som er skriven på sidemålet deira.


*Unødvendig:* I denne kategorien har eg plassert svar som eksplisitt seier at to skriftspråk er unødvendig, eller svar som kan tolkast til at respondenten meiner dei er unødvendige. Det kan vera fordi det er tungvint og ein bør bruke meir tid på berre eit, eller at ein ikkje får bruk for to.

Figur 7: Spørsmål 8: «Internasjonal forskning har vist at personer som bruker flere språk, blir bedre til å oppfatte språklige uttrykk. Den nye undersøkelsen fra NTNU viser at personer som skriver både nynorsk og bokmål, også får disse gevinstene» - Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet. Trur du at det hever språkkompetansen å skrive både nynorsk og bokmål?




I dette spørsmålet vert respondenten bedt om å ta stilling til ein påstand som seier at ein person som skriv både bokmål og nynorsk får dei same gevinstane som ein person som bruker fleire språk. 73% er anten *heilt einig* eller *nokså einig* med denne påstanden. 14% seier at dei er *nokså ueinig* eller *heilt ueinig*. I kommentarfeltet vert det mellom anna nemnt at dette ikkje er relevant ettersom at bokmål og nynorsk er skriftspråk.

Figur 8: Spørsmål 9: Eg synest det er vanskelig å forstå tekstar som er skrivne på sidemålet mitt, og prøver difor å unngå desse tekstane




I dette spørsmålet vert respondenten bedt om å ta stilling til eit utsegn som seier at respondenten unngår tekstar på sidemålet sitt fordi dei er vanskelige. Her er det 17% som svarar at dei er nokså ueinige og 56% som er heilt ueinige, til saman er det 73% som er ueinige. Like mange som er einige i påstanden om at to skriftspråk hevar språkkompetansen. Det er her også 14% som unngår tekstar som er skriven på sidemålet sitt fordi dei er vanskelige, det same talet prosentpoeng som meinte at to skriftspråk ikkje har noko med språkforståinga å gjere.

Figur 9: Spørsmål 10: Haldningane mine lærarar hadde til sidemålet mitt på grunnskulen var




I dette spørsmålet vert respondenten bedt om å svare på kva haldningar lærarane deira i grunnskulen hadde til sidemål. Her svara 62% at dei opplevde lærarane deira som *positive* eller *nokså positive*. 16% opplevde lærarane deira som *nokså negativ* eller *negativ* til sidemål. Her er det ein kommentar som seier at han opplevde at lærarane nedprioriterte det om det var mogleg, fordi det alltid var noko som var viktigare.

Figur 10: Spørsmål 11: Kva haldningar trur du norske grunnskuleelevar har til at dei må lære to skriftspråk?



I dette spørsmålet vert respondenten bedt om svare på kva han trur elevar i grunnskulen syns om at me har to skriftspråk. Her brukar nok studenten erfaring frå praksis og resultatane er at 58% trur at elevar i grunnskulen er *nokså negative* medan 21% trur dei er *negative* til dagens ordning. Berre 4% trur elevane er *nokså positive*, medan ingen trur at dei er *positive*. Her går nokre kommentarar på at dei trur at elevar med nynorsk som hovudmål er meir positive enn elevar med bokmål som hovudmål.

Figur 11: Spørsmål 12: Kan du tenke deg å jobbe på ein nynorskskule?



Andelen av respondentar som vil jobbe på ein nynorskskule og respondentar som ikkje ynskjer å jobbe på ein nynorskskule er omlag like stor, med 35% på *ja* og 33% på *nei*. Det er og 23% som svarar at dei kanskje vil jobbe på ein nynorskskule. Kommentaranne på dette spørsmålet går på eit par bokmålsbrukarar som seier at dei ikkje hadde hatt noko i mot å jobbe på ein nynorskskule, då dette ikkje hadde skapt store problem. Ein respondent kommenterer at han eller ho meiner at han eller ho ikkje har kunnskapar nok til å jobbe på ein nynorskskule.

*Spørsmål 13: Skriv med eigne ord kva du meiner om at norske grunnskuleelevar må lære å bruke to skriftspråk*

I dette spørsmålet får respondentane lov til å skrive akkurat det dei sjølv vil om dagens ordning med to skriftspråk. Her kom det svar som varierte frå 360 ord til berre eitt ord. Eg ser det som lite hensiktsmessig å framstille ein tabell som viser svara som er gitt. Eg gir ei oppsummering av svara nedanfor.

Mange er positive til dagens ordning. Dette les eg ut i frå at dei eksplisitt seier at dei er positive, eller ved at dei nemner positive ting med ordninga. Det som vert nemnt er språkutvikling, mange forma av påstanden tidligare i spørjeundersøkinga. Fleire nemner den historiske og kulturelle delen som ein viktig faktor for å behalde dagens ordning, medan somme nemnar nærleiken til talemål som positivt.

Det er og fleire som er negative eller som meiner at ordninga ikkje fungerer slik som den er i dag. Det vert nemnt grunnar som at det er vanskelig å forsvare to skriftspråk som lærar, det kan skape forvirring, at det er utfordrande både for lærar og elevar og at det er unødvendig. Fleire nemnar og at dei er positive til at me i dag har to skriftspråk, men at det ikkje burde verte brukt like mykje tid på det i skulen. Som sagt så varierte lengda på svara i stor grad, som gjorde at fleire argument var dårleg grunna, medan andre argument var godt grunna. Nokre av dei godt grunna svara nemnar at problemet med dagens ordning er at det burde vera tidligare innsats og



at skriftspråka burde vera meir likestilte i undervisninga. Det vert og nemnt at det er den manglande eksponeringa av nynorsk som gjer det så vanskeleg å læra seg nynorsk som sidemål.

## 5 Drøfting av resultata av spørjeundersøkinga

### 5.0 Innleiing

Resultata av undersøkinga skal eg drøfte i lys av problemstillinga mi: *Kva haldningar har lærarstudentar til nynorsk?*

Sidan eg ikkje har nokon konkrete spørsmål som går på kva respondentane synes om nynorsk går mykje av drøftinga mi på å lese mellom linjene. Eg vil samanlikne svar for å sjå om det er forskjellar i ulike grupper. Gruppene eg vel å samanlikne då er *menn og kvinner*, og *austlandet og vestlandet*. Valet av den første gruppa går på at det var mogleg å sjå nokre forskjellar mellom menn og kvinner, medan valet av gruppe to går på mine eigne fordommar. Desse fordommane er at Austlandet har meir negative haldningar til nynorsk. Det siste eg skal sjå på i denne drøftingsdelen er kommentarane eg har fått i spørjeundersøkinga. Eg skal her sjå om det finnest klare negative haldningar til nynorsk i desse kommentarane, og drøfte kvifor desse kommentarane kjem.

### 5.1 Forskjellar mellom menn og kvinner

Det viste seg å vera nokre forskjellar på menn og kvinner i denne undersøkinga. Eg har tidligare i oppgåva gjort reie for at fordelinga mellom menn og kvinner i denne undersøkinga er akseptabel, ettersom at det er den same fordelinga som me finn ute i skulen.

Figur 12: *Sidemål: kvinner og menn*

<b>Sidemål</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
Nynorsk	65% (24)	53% (8)
Bokmål	35% (13)	47% (7)
Total	100% (37)	100% (15)

Figur 13: *Om eg kan velje, skriv eg: kvinner og menn*

Om eg kan velje, skriv eg	Kvinner, prosent	Menn, prosent
Alltid nynorsk	0% (0)	20% (3)
Alltid bokmål	65% (24)	67% (10)
Oftast nynorsk, men av og til bokmål	8% (3)	7% (1)
Oftast bokmål, men av og til nynorsk	24% (9)	7% (1)
Total	97% (36)	101% (15)

Figur 12 viser at 65% av kvinnene hadde nynorsk som sidemål i skulen. Den viser også at 53% av menn hadde nynorsk som sidemål i skulen. Det vil seie at berre 35% av kvinnene hadde nynorsk som hovudmål i skulen, medan 47% av menn hadde nynorsk som hovudmål i skulen. Dersom ein samanliknar dei to tabellane ser me at av dei 13 kvinnene som hadde nynorsk som hovudmål i skulen, har 3 stykk gått over til å skrive *oftast nynorsk, men av og til bokmål*, 9 stykk har gått over til *oftast bokmål, men av og til nynorsk*, og ei kvinne har gått over til *alltid bokmål*. Ingen av kvinnene i denne undersøkinga vel å skrive nynorsk alltid, og sidan dette er ein gradert tabell ser me at det er berre 3 stykk, eller 8% som vel å skrive nynorsk meir enn bokmål. Dette vil seie at dei fleste av kvinnene i undersøkinga vel å gå vekk frå nynorsken og heller bruke bokmål.

Blant menn var det 7 stykk som hadde nynorsk som hovudmål i skulen, dette er eit lite tal og utslaga vert større enn hos kvinnene. Blant menn er det 3 stykk som vel å skrive nynorsk alltid. Det er ein respondent som vel å skrive *oftast nynorsk, men av og til bokmål* og det er ein respondent som vel å skrive *oftast bokmål, men av og til nynorsk*. Det er to respondentar som har gått over frå å ha nynorsk som hovudmål, som no vel å skrive bokmål alltid.

I denne skalaen betyr *alltid nynorsk* og *oftast nynorsk, men av og til bokmål* at respondenten brukar nynorsk meir enn bokmål. Dersom respondenten svarar *alltid bokmål* eller *oftast bokmål, men av og til nynorsk* vil dette seie at respondenten brukar bokmål meir enn nynorsk. Ut i frå dette ser me at 10/13 eller 77% av kvinner som hadde nynorsk som hovudmål på skulen har gått over til å bruke bokmål. Blant menn er det 3/7 eller 43% som har gått over frå å ha nynorsk som hovudmål i skulen til å bruke bokmål no. Desse tala viser at både kvinner og menn

går over frå å skrive nynorsk i grunnskulen, til å no skrive bokmål. Tala viser og at det er eit større tal av kvinner som vel å gå vekk frå nynorsk og heller bruke bokmål. Spørsmålet om dette viser dårligare haldningar til nynorsk blant kvinner er vanskelig å svare på. Det at fleire vel å gå vekk frå nynorsk kan vera fordi dette er «den lette» vegen å gå, for som denne spørjeundersøkinga viser er det ingen som går frå å ha bokmål som hovudmål til no å skrive nynorsk.

## 5.2 Forskjellar mellom Vestlandet og Austlandet

I denne undersøkinga har eg fått inn 9 svar frå austlandsfylka Oppland, Akershus, Oslo og Østfold, medan eg har fått inn 40 svar frå vestlandfylka Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal. Ikkje berre er vestlandsfylka betre representert i tal på svar, her fekk eg og svar frå alle fylka, medan eg manglar eit par på Austlandet. Grunnen til at eg vel å sjå på dette er at Vestlandet har den største andelen nynorskbrukarar og Austlandet er dei som har vert mest negative til dette, blant anna Bærum og Oslo vest som starta foreldreaksjonen mot samnorsk på 1950-talet. Forskjellen i denne undersøkinga kan og seiast å vera markante.

I undersøkinga der respondenten vert bedt om å nemne fordelar med to skriftspråk nemnar vestlendingane at det gir ein nærleik til dialektane, to skriftspråk fører til at du jobbar meir med språket og på denne måten lærer meir, moglegheita til å velje skriftspråk sjølv og at det er viktig å tenke på språkhistoria. Det er og somme som seier at det er få eller ingen fordelar med to skriftspråk, men dette er eit fåtal. Her tar vestlendingane opp relevante fordelar som at nynorsk er bygd på dialektane, og på denne måten gir ein nærleik til dialektane. Det vert og nemnt at meir jobb med språket gjer at du vert betre i det. Dette kan ha noko med utsegnen om at to skriftspråk kan gi betre språkforståing. Dette viser og ei positiv innstilling til to skriftspråk. I tillegg vert språkhistorie trekt fram som positivt.

Blant austlendingane verkar dette spørsmålet vanskeligare å svare på, her er det berre korte svar. Rundt 1/3 av svara ser ingen eller få fordelar med to skriftspråk, medan dei andre nemner det historiske, det kulturelle og at nynorsk er finare enn bokmål som fordelar. Å trekke fram det historiske perspektivet er viktig og kan vise at dei har reflektert rundt dette. Dei andre svara viser derimot mindre refleksjon. Med mindre refleksjon meiner eg at det verkar som at dei er lite reflekterte over dagens språksituasjon med tanke på at dei skal verte lærar. Det viser negative haldningar til at me har to skriftspråk, men det er ikkje derimot sagt at desse

haldningane kjem fram i møte med elevar. Fleire nemner at det er vanskelig å grunngi kvifor me har to skriftspråk, og det er difor viktig at ein framtidig lærar er reflektert rundt nettopp dette spørsmålet.

I spørsmålet der respondentane vert bedt om å liste opp ulemper med to skriftspråk er svara meir like. Her har begge gruppene meir å skrive. Vestlendingane nemnar kostnadar, forvirring, norsk som andrespråk (NOA), vanskeleg å lære to skriftspråk, fleire karakterar og tidkrevjande. Austlendingane nemnar ulemper som: forvirring, vert svekka av å lære begge, lærar noko ein aldri får bruk for og for mange karakterar.

I dette spørsmålet ber eg respondentane om å liste opp ulemper med to skriftspråk, og det er berre naturleg å finne negative haldningar her. Det som er meir interessant å sjå på er kva som vert nemnt som ulemper. Forvirring er noko som vert nemnt i begge gruppene. Det er litt uklårt kva som vert meint med dette, men det kan verke som at det er snakk om at det er lett å blande dei to skriftspråka. Er ikkje dette nesten det som var målet med samnorskforsøket på 1900-talet? Ein annan ting som begge gruppene nemnar er at det vert for mange karakterar. Dette vert det no gjennomført eit forsøk på, der elevar i 8. og 9.-trinn berre får to karakterar i norsk, men at dei i 10. får tre karakterar (Utdanningsdirektoratet, 2016). Dette går meir på bruken av karakterar, og at dette kan skape unødvendig stress blant elevar. Desse to utsegna vil eg seie ikkje viser dårlige haldningar, men meir at dei har elevane i fokus.

Svara som seier at det er vanskeleg å lære to skriftspråk, at du vert dårligare i begge og at ein må lære noko ein aldri får bruk for vil eg seie visar meir teikn på negative haldningar. Det er ureflektert å seie at det å jobbe med to skriftspråk gjer deg dårligare i begge. Det finst ulemper med å ha to skriftspråk, blant anna er det bevist at tospråklege brukar lengre tid på å komme fram til ord på kort tid, men det er langt fleire kognitive fordelar med å ha to skriftspråk (Bjørhusdal, Bugge, Fretland, & Gujord, 2018, s. 25). Det er og merkelig at ein lærarstudent seier at ein lærer noko ein aldri får bruk for. Som lærar er nynorsk noko ein i veldig stor grad får bruk for. Det er ein stor del av læreplanen og det er eit krav at lærar skal kunne bruke både nynorsk og bokmål på ein kvalifisert måte. Desse utsegna viser negative haldningar på den måten at respondentane verkar å ikkje ha reflektert over at dei skal verta lærar. Ein lærar bør vera meir reflektert over det faglige aspektet rundt nynorsk og to skriftspråk. Ikkje minst at det finst språklige fordelar med å ha to skriftspråk. Dei bør vera meir reflektert over kvifor me har

to skriftspråk, i eit historisk og kulturelt perspektiv. På denne måten vil dei vera meir reflektert over sin eigen lærarprofesjon.

### 5.3 Haldningar til nynorsk

I dette delkapittelet skal eg drøfte haldningar blant lærarstudentar som kjem fram i denne undersøkinga. Med tanke på problemstillinga mi er det haldningane til nynorsk eg skal fokusere på, men mange av haldningane viser seg å handle like mykje om lærarprofesjonen. Det var mogleg å finne 25 ulike kommentarar som nemnar nynorsk i ein negativ forstand.

*Som lærer opplever jeg at det kan være vanskelig å forsvare hvorfor de må lære å bruke to skriftspråk. Med dette som grunnlag kan jobben bli noe vanskelig.*

*Skolen/lærerne forteller oss lite om hvorfor vi trenger det.*

Dette er utsegn henta frå undersøkinga og dette er mykje av det som går igjen. Dette kan vera teikn på dårlige haldningar om me tenkjer på definisjonen av haldningar. Haldningar er korleis du tenkjer, føler og handlar ovanfor eit tema. Dersom du tenker at det er lite grunngeving for to skriftspråk fører dette sannsynligvis til at du handlar negativt ovanfor dette. Det er viktig at læraren som profesjonell yrkesutøvar og som førebilete for sine elevar framvis gode haldningar ovanfor slike tema. Det er difor viktig at ein lærar eller lærarstudent set seg inn i slike spørsmål som kvifor me har to skriftspråk. Ein elev må ha eit formål med undervisninga (Koritzinsky, 2002). Dette er, som vist tidligare i oppgåva forankra i det historiske og basert på korleis folk snakkar i landet vårt. Dersom ein lærarstudent svarar at det er lite grunngeving for to skriftspråk kan dette vise teikn på at studenten har reflektert lite på at han eller ho faktisk skal verte lærar, og at dette er ein del av Noregs lover, blant anna gjennom Mållova, Opplæringslova og læreplansmåla for grunnskulen. På den andre sida er motivasjon også viktig for lærarstudentane. Det at fleire nemnar at det er lite grunngeving for to skriftspråk er kanskje eit teikn på at lærarutdanninga har for lite fokus på dette?

Andre ting som vert nemnt som ulemper med to skriftspråk er elevar med norsk som andrespråk og elevar med lese- og skrivevanskar. Dette er ikkje veldig relevant i denne situasjonen ettersom at desse elevane får fritak frå vurdering i skriftleg sidemål jamfør §3-22 (Opplæringslova, 1998). Dette vil seie at dei får fritak frå å verte vurdert i sidemålet sitt, men det betyr også at

dei kan ta del i undervisninga å få nyttig kunnskap om norsk kultur, eller berre ekstra norskopplæring.

Ein siste ting eg vil ta tak i er det som vert nemnt om at sidemålsundervisninga startar for seint. I følge opplæringslova er det eit krav om undervisning i begge målformene dei to siste åra av ungdomskulen, altså 9. og 10. trinn, men som det er vist tidligare i oppgåva er begge målformene nemnt i alle læreplansmåla i læreplanen for norskfaget. Dette betyr at det er læraren sitt ansvar å begynne med den tidlige innsatsen. Dersom ein begynner tidlig vil ein og sleppe presset med karakterane som kjem på ungdomskulen. Dette vist med eit utsegn frå undersøkinga:

*Vanskelig å beherske to skriftspråk når du aldri før har skrevet eller hørt nynorske tekster før du begynner på ungdomsskolen.*

Dette er ein respondent frå Austlandet som meiner at han ikkje hadde høyrte eller skrivt noko nynorsk før han starta på ungdomsskolen. Sidemålstekstar burde vorte introdusert allereie frå ein tidlig alder. Som Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter skriv i si bok *Nynorsk på nytt* er det beste rådet å begynne tidleg med nynorsk. Dei yngre elevane er mykje meir fordomsfrie og dei slepp karakterpresset som gjer at dei ikkje mistar motivasjonen av det (Askeland & Falck-Ytter, 2010).

## Avslutning

Denne undersøkinga har vist at det er teikn på negative haldningar til nynorsk blant lærarstudentar ved HVL Bergen. Fleire av dei negative haldningane går på lite refleksjon rundt det at dei skal verte lærarar. Undersøkinga har vist at det er forskjellar mellom dei to kategoriane eg valte å sjå på. Det er fleire menn som held på nynorsken etter grunnskulen, men det er fortsatt mange av kvinnene som held på nynorsken til ein viss grad. Desse tala viste og at det truleg ikkje var nokon av bokmålsbrukarane som vel å skrive nynorsk. Forskjellane mellom Vestlandet og Austlandet var og klare. Det var forskjellar i tal på respondentar, på grunn av at undersøkinga vart gjennomført ved HVL Bergen, men det var og forskjellar i haldningar. Blant austlendingane var det nemnd få eller ingen fordelar med to skriftspråk, medan vestlendingane trakk fram blant anna språkforståing, valfridom, talemålsnærleik og språkhistorie. Her viste vestlendingane meir refleksjon rundt temaet, og på

denne måten betre haldningar. Det var vanskeligare å skilje haldningane deira i spørsmålet om ulemper med to skriftspråk. Her var det teikn på ureflekterte og negative haldningar blant begge to, men det var og teikn på meir reflekterte svar der dei hadde elevane som fokus.

Det er og viktig å få fram dei positive haldningane frå undersøkinga. Det er eit fåtal som går heilt vekk frå nynorsken etter grunnskulen, og det at nynorskbrukarar også skriv bokmål bør sjåast på som eit positivt teikn. Det er mindre positivt at dei fleste bokmålsbrukarar aldri skriv nynorsk. Det er og fleire som skriv at dei har tatt grep om nynorsken sin etter dei starta lærarutdanninga. For ein lærarstudent handlar det om å ta inn over seg at ein skal verte lærar og at ein skal undervise barn som har rett på like god undervisning i både bokmål og nynorsk.

## Bibliografi

- Albarracin, D., Johnson, B. T., & Zanna, M. P. (2014). *The Handbook of Attitudes*.  
Storbritannia: Taylor & Francis.
- Askeland, N., & Falck-Ytter, C. (2010). *Nynorsk på nytt*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10 (2016). Forskrift om  
rammeplan for grunnskolelærerutdanning for trinn 5–10 (FOR-2016-06-07-861).  
Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-06-07-861>
- Bergem, Trygve. (2015). *Læreren i etikkens motlys*. Oslo: Gyldendal
- Bjørhusdal, E., Bugge, E., Fretland, J. O., & Gujord, A.-K. (. (2018). *Å skrive nynorsk og  
bokmål - nye tverrfaglege perspektiv*. Oslo: Samlaget .
- Bufdir. (2019, April 15). Ansatte i barnehage og skole. Hentet fra  
[https://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Kjonnlikestilling/Utdanning\\_og\\_kjonn/  
Ansatte\\_i\\_barnehage\\_og\\_skole/#heading23689](https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Kjonnlikestilling/Utdanning_og_kjonn/Ansatte_i_barnehage_og_skole/#heading23689)
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene* .  
Oslo: Abstrakt forlag.
- Drugli, M. B., & Nordahl, T. (2013). Kapittelt 3: Læreren og eleven. I T. Helland, S.  
Lillejord, T. Manger, & T. Nordahl, *Livet i skolen 1 - Grunnbok i pedagogikk og  
elevkunnskap: Undervisning og læring (2. utg)* (ss. 69-98). Bergen: Fagbokforlaget.
- Grimstæth, G., & Hallås, O. (2013). *Undervisningspraksis - Profesjonalitet i skolen*. Oslo:  
Gyldendal Akademisk.
- Høgskulen på Vestlandet. (2019, Mai 11). Studieprogramplan 5-10. Hentet fra  
[https://www.hvl.no/contentassets/455fbc80948548a18de7509ca9c0fe19/studieprogra  
mplan-5-10-1.12.2016-rev-juli2017.pdf](https://www.hvl.no/contentassets/455fbc80948548a18de7509ca9c0fe19/studieprogramplan-5-10-1.12.2016-rev-juli2017.pdf)
- Johannessen, A. (2010). *Introduksjon til SPSS*. Oslo: Abstrakt forlag .
- Koritzinsky, Theo. (2002). *Samfunnskunnskap - fagdidaktisk innføring*. Oslo:  
Universitetsforlaget.
- Kulturdepartementet. (1997-98). *Målbruk i offentlig teneste*. (Meld. St. nr. 13 (1997-98)).  
Hentet fra [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-13-1997-98-  
/id191413/sec2?q=tilnæringslinja#match\\_0](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-13-1997-98-/id191413/sec2?q=tilnæringslinja#match_0)
- Mållova. (1980). Lov om målbruk i offentlig teneste (LOV-1980-04-11-5). Hentet fra  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5?q=mållova>



- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Hentet fra [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2)
- Statistisk sentralbyrå. (2018, august). Dette er Norge 2018. Hentet fra
- Svartdal, F. (2018, Juni 8). Holdning. *Store Norske Leksikon*. Hentet fra [https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/359877?\\_ts=166ca623630](https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/359877?_ts=166ca623630) <https://snl.no/holdning>
- Sørensen, Ø. (2002). Språkutviklingen på 1800-talet. I E. B. Johnsen, *Vårt eget språk* (ss. 63-74). Oslo: Aschehoug.
- Torp, A. (2002). Språkutvikling dei siste hundre åra. I E. B. Johnsen, *Vårt eget språk* (ss. 75-88). Oslo: Aschehoug.
- Utdanningsdirektoratet. (2016, 12. juni). Forsøk med én eller to karakterer i norsk. Hentet fra <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/forsok-og-pagaende-arbeid/Forsoksordning-med-en-eller-to-karakterer-i-norsk/>
- Utdanningsdirektoratet . (2006). *Læreplanen i norsk* (NOR1-05). Hentet fra [https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Grunnleggende\\_ferdigheter](https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Grunnleggende_ferdigheter).
- Venås, K. (1982). *Mål og miljø: innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi* . Oslo: Novus Forlag.

## Figurar og tabellar

1. Figur 1: *Spørsmål 1: Kjønn*
2. Figur 2: *Spørsmål 2: Eg kjem frå*
3. Figur 3: *Spørsmål 3: Har du norsk som eit av dine undervisningsfag?*
4. Figur 4: *Spørsmål 4: I grunnskulen var sidemålet mitt*
5. Figur 5: *Spørsmål 5: Om eg kan velje, skriv eg*
6. Figur 6: *Spørsmål 6: Kva er fordelane med at me har to skriftspråk?*
7. Figur 7: *Spørsmål 8: «Internasjonal forskning har vist at personer som bruker flere språk, blir bedre til å oppfatte språklige uttrykk. Den nye undersøkelsen fra NTNU viser at personer som skriver både nynorsk og bokmål, også får disse gevinstene» - Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet. Trur du at det hever språkkompetansen å skrive både nynorsk og bokmål?*
8. Figur 8: *Spørsmål 9: Eg synest det er vanskelig å forstå tekstar som er skrivne på sidemålet mitt, og prøver difor å unngå desse tekstane*
9. Figur 9: *Spørsmål 10: Haldningane mine lærarar hadde til sidemålet mitt på grunnskulen var*
10. Figur 10: *Spørsmål 11: Kva haldningar trur du norske grunnskuleelevar har til at dei må lære to skriftspråk?*
11. Figur 11: *Spørsmål 12: Kan du tenke deg å jobbe på ein nynorskskule?*
12. Figur 12: *Sidemål: kvinner og menn*
13. Figur 13: *Om eg kan velje, skriv eg: kvinner og menn*

## Vedlegg

### Vedlegg 1

*Kva er ulempene med at me har to skriftspråk?*

- Det er veldig utfordrande for enkelte elevar å lære seg to skriftsmål. Om ein frå før av har utfordringa med språkutvikling, lese- og skrivevanskar, er det vanskelig å måtte lære seg to målformer
- Kan skape forvirring og "blandingsspråk" i tekster. Det minst brukte skriftspråket (nynorsk) kan på sett og vis bli sett ned på, selv om det i teorien skal ha høyere status(?). Kan skape en språklig splittelse.  
Dyrt mtp at man må ha flere opplag av læreverk i skolen (utgår med digitalisering av læreverk. Mange offentlige dokument må vel kanskje publiseres på begge skriftspråkene også.
- I og for seg syns jeg ikke det er en ulempe. Ulempen kommer når man må lære seg det og skal vurderes nynorsk i skolen.
- Kan være krevende for «svake» elever å lære, hvis de allerede sliter med skrivingen på bokmål.
- Blir svært mange norskarakterer på vitnemålet, ulempe for de som er litt svakere i faget. Utfordrende for nye statsborgere med annet morsmål
- Mye for elever å sette seg inn i. Spesielt hvis en sliter med norsk fra før av, også må en lære seg to skriftspråk. Også veldig vanskelig for andrespråkstalere.
- Veldig mange er negative til nynorsk, og dette skaper dårlige holdninger
- Surrete med 2
- - Kan være vanskeleg for dei som ikkje har noko tilknytning til sidemålet sitt.
- Kan være litt mykje å ha karakterar i norsk muntleg, skriftleg og sidemål.
- Ved å ha to skriftsmål vil det alltid vere favorisering av ein skriftsmål, noko som skapar ein splid mellom bokmålsbrulerar og nynorskbrukarar. Dette kan påverke for eksempel nynorskbrukaren til å legge om til bokmål.
- Kommunikasjon kan bli tungvint - det er ubeleilig for de som ikke har fått tilstrekkelig opplæring i sitt eget sidemål å skulle kommunisere på det, for eksempel gjennom offentlige brev.

I noen tilfeller kan språkene bli et hinder for forståelse.

- Vanskelig å bli god til å skrive begge skriftspråkene. Kan være lett å blande som kan gjøre det forvirrende. Noen mener også at det er unødvendig å få to ulike karakterer i skolen i faget. Dette kan anten være med å trekke opp snittet, men for mange trekker det ned karaktersnittet.
- - Kan være vanskelig for andrespråkelever å lære seg.
  - Kan være vanskelig å forstå hvorfor man skal kunne nynorsk, og når man skal få bruk for det.
- Mange er negative og føler det er unødvendig.
- Elevar som allereie slit i norskfaget kan ha problem med å lære seg to skriftspråk. Det å ha to skriftspråk kan verka forvirrende for elevane.
- Uenighet i folket
- Vanekeleg for elevar med dårlig føresetnadar for utvikling av språk å lære seg to målformer
- Forvirring
- At man bruker tid på noe man ikke trenger
- Kan ikkje tenke meg nokon.
- Forvirring grammatisk? Kanskje hvor god man kan bli i et skriftspråk kan bli svekket ved å lære begge, at man ikke blir så flink man kan bli i hovedmålet.
- Frustrerende å få karakter i nynorsk, dersom man mestrer bokmål bedre. Det burde vært at man lærte nynorsk, men at man ikke trengte å få standpunktkarakter i det.
- Usikker
- Det språket som er mest avvikende fra talemålet blir vanskeligere og lære. Det kan i tillegg oppfattes som unødvendig å lære.
- På skolen blir det brukt mye tid på å lære forskjellene på de to skriftspråkene. Denne tiden kunne blitt brukt til andre ting. At elever må lære to skriftspråk, kan føre til mer skolevegring. To skriftspråk er strengt tatt heller ikke nødvendig, og vi har kommet i en situasjon der nynorsk er som et familieklenodium. Utenom distriktene blir det kun tatt i bruk til spesielle anledninger som litteratur og poesi, mens i det i alle praktiske og dagligdagse situasjoner blir brukt bokmål.
- For noen kam det være mye å forholde seg til.
- Det går mye tid på å lære et skriftspråk som man aldri får bruk for. Man kunne heller brukt den tiden som er satt av til et sidemål på andre språk, som f.eks. Engelsk

- Små ulemper
- Kan være tidkrevende/vanskelig å lære et nytt skriftspråk
- For noen kan det være lett å blande to skriftspråk, dersom man enda ikke er sikker på sitt eget hovedmål.
- Kan virke forvirrende, vanskelig og demotiverende for noen, og det er i utgangspunktet ikke nødvendig for å kommunisere
- Ulempen er at en som bor f.eks i en storby ikke har så god kunnskap om nynorsk og blir "indirekte tvungt" til å ha det, selv om det er sidemål.
- F
- Tungvint å lære to ulike språk. Jeg synes vi burde bare lære et språk og det kan gjerne bare være nynorsk. Dette vil gjøre det lettere å lære norsk både for morsmålsbrukere og andre brukere.
- Fleire karakterar og prøver i norskfaget
- Går ofte ut over norskarakteren som helhet når en er dårlig i et av de to skriftspråkene. Blir ofte sett på som unødvendig å lære seg to variasjoner av norsk.
- Norsk, som da både nynorsk og bokmål, er i utgangspunktet et språk brukt av et fåtall av verdens befolkning. Selv er jeg redd engelsk skal ta over. Og da er det vell mer rotfeste i å ha ett entydig og samlet skriftspråk enn flere ulike?
- For noen elever er det vanskelig å mestre et skriftspråk, og dersom de da skal ha to skriftspråk å forholde seg til, blir det enda vanskeligere.

Det tar mye tid å lære seg to skriftspråk, fremfor å lære seg og mestre et.

Lærere må rette dobbelt opp med tekster, og ha flere vurderinger for at elevene skal vurderes i begge skriftspråkene.

- Ulempene er flere, folk mister motivasjonen til å jobbe med skole, på grunn av at folk synes det er vanskelig å beherske to skriftspråk. Skolen/lærerne forteller oss lite om hvorfor vi trenger det. Vanskelig å beherske to skriftspråk når du aldri før har skrevet eller hørt nynorske tekster før du begynner på ungdomsskolen.

- Ulempen peker tilbake på de fordelene som nynorskbrukere har. Dersom man har bokmål som hovedmål vil spriket være ganske stort.

Som fremtidig norsklærer vil også det være et problem når elever må "friske opp" minnet mtp grammatikk og regler.

Det går mye tid til å repetere og tid er viktig som lærer.

For skolene er det dyrt å ha to sett av alle norskbøker. Dersom det hadde vært bare ett skriftspråk ville skolen spart penger.

- Har så lite av det i grunnskolen at det bare blir en plage for mange. Er glad for at jeg besto nynorskeksamnene mine for det var veldig vanskelig. For de som sliter på skolen er det i alle fall bare en ulempe
- forvirring og jobb med noe man ikke trenger
- Ulempen ved å ha to skriftspråk er at det blir en utfordring å lære begge like godt.
- Ein blandar fort mellom nynorsk og bokmål.